



Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3912 - 23/51818

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
23.06.2023

Søknad om arealoverføring til vedtak etter jordlova - gbnr 418/11 Villanger

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 418/11
Tiltakshavar: Per Sigmund Villanger
Heimelshavar: Per Bjørkhaug

Saka gjeld søknad om arealoverføring av tilleggsareal til hyttetomt, gbnr 418/25. Det vert søkt frådelling etter læra om frådelling til uendra bruk. Tilleggsarealet har vore i bruk som hyttetomt sidan 1968. Dette etter tinglyst kjøpekontrakt frå same år. Tilleggsarealet vart skyldelt 19.07.1967, men nekta frådelt då det låg for nært driftsbygning på garden.

I føresegn 3.4.3 punkt 3 i kommunedelplan for Radøy står det at det ikkje skal opprettast ny grunneigedom nærare enn eksisterande driftsbygning enn 50 meter. Dette gjeld for arealformål LNF – spreidd busetnad.

Arealet er registrert som bygd i NIBIO sitt gardskart.

Registrerte eigedomsgrenser i matrikkelen er ikkje rette for gbnr 418/25.

Planstatus

Arealet er sett av til LNF formål i kommunedelplan for Radøy.

Jordlov

Ber om at landbrukskontoret vurderer søknaden opp mot reglane om deling etter jordlova §12.

Parallelt med at saka vert sendt over til landbrukskontoret vert det sendt ut førebels svar til søkjar der det vert gjeve melding om at det må søkjast om dispensasjon frå arealformål og eventuelt frå avstand til driftsbygning. Saka kan ikkje handsamast etter læra om frådelling til uendra bruk.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Samtykke-erklæring

Søknad om oppretting/ending av matrikkeleining/rekvisisjona v oppmålingsforretning

Kjøpekontrakt gbnr 418/11

Behandling av klage - Landbruksdepartementet 30.11.1967

Utskrift frå møtebok Hordaland fylkeslandbruksnemnd 15.09.1967

Skyldskifteforretning gbnr 418/25

Søknad om frådeling - gbnr 418/11 og 418/25 Villanger

Mottakarar:

Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG